



Øystre Slidre kommune
Bygdinvegen 1989
2940 HEGGENES

Saksbehandlar, innvalstelefon

Sjå nedst i brevet

Vurdering av motsegn - Øystre Slidre - kommuneplan - arealdelen - 2025 - 2037

Statsforvaltaren vurderer at kommunen no har eit godt kunnskapsgrunnlag for å justere arealbruken i tråd med resipientkapasiteten i vassdraga. Vi vurderer at planforslaget legg opp til meir omfattande utbygging enn det kunnskapsgrunnlaget om resipientane viser at vassdraga toler. Statsforvaltaren opprettheld si motsegn mot planforslaget knytt til resipientkapasitet.

Vi viser til oversending dagsett 24. november 2025 med resipientvurdering av vassdraget Volbufjorden-Strondafjorden og oppmoding om å vurdere vår motsegn mot arealdelen til kommuneplanen. Vi viser vidare til oversending datert 25. november 2025 med oppdaterte plandokument knytt til saka, og oversending datert 1. desember med tilleggsopplysningar.

Bakgrunn

Statsforvaltaren i Innlandet opprettheldt i brev dagsett 23. oktober 2025 vår motsegn mot planforslaget. Vi viste til at resipientkapasiteten nedstraums Nedrefoss enda ikkje var avklart, og at vi ikkje kunne sjå at det var mogleg å løyse motsegna knytt til resipientkapasitet før heile kunnskapsgrunnlaget knytt til dei to aktuelle vassystema var oppdatert. Vidare viste vi til at dersom kunnskapsgrunnlaget viste at resipientane ikkje toler eit så stort utbyggingsvolum som kommunen har lagt opp til i planforslaget, måtte det samla utbyggingsarealet bli redusert slik at den planlagde utbygginga ikkje oversteig resipientkapasiteten.

Kommunen har no sendt over resipientvurdering av Volbufjorden og vassdraget ned til Strondafjorden. Vidare har kommunen sendt over oppdaterte plandokument som viser kva som er gjort av endringar sidan planforslaget var på høyring.

Statsforvaltaren si vurdering

Statsforvaltaren vurderer at kommunen no har eit godt kunnskapsgrunnlag for å vurdere kor mykje ny utbygging vassførekomstane toler. Vi heldt fast ved at vi meiner at toleevna til vassførekomstane må vere styrande for kor mykje ny utbygging kommunen kan planlegge for. Vi kan ikkje sjå at utbyggingsomfanget i plandokumenta er justert i tråd med funna i resipientvurderinga. Vi



opprettheld difor vår motsegn mot planforslaget. Motsegna kan bli løyst ved at planlagt utbyggingsareal blir redusert slik at utbygginga arealdelen legg opp til er i samsvar med det resipientane toler. Kommunen må synleggjere at kommunen planlegg ein arealbruk som ikkje overskrid toleevna til resipientane og som ikkje vanskeleggjer at målet om minst god tilstand i alle vassførekomstar blir oppnådd. Vi understrekar at kommunen må ta ut areal for utbygging, og ikkje redusere tettleiken innanfor areala.

Konklusjon

Statsforvaltaren vurderer at kommunen no har eit godt kunnskapsgrunnlag for å justere arealbruken i tråd med resipientkapasiteten i vassdraga. Vi vurderer at planforslaget legg opp til meir omfattande utbygging enn det kunnskapsgrunnlaget om resipientane viser at vassdraga toler. Statsforvaltaren opprettheld si motsegn mot planforslaget knytt til resipientkapasitet.

Med helsing

Anne Kathrine Fossum (e.f.)
kommunal- og samordningsdirektør

Øyvind Gotehus
avdelingsdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Sakshandsamarar: Ellen Nordrum Brøste, *areal og klima*, tlf. 62 55 11 90
Linn C. M. Rueslåtten, *vannforvaltning og forurensning*, tlf. 61 26 60 59